

Jostedal Historielag – Årsmelding for 2011

Styret og nemnder:

Leiar: Olav Stølen

Kasserar: Aud Fossøy

Sekretær: Oddmund L. Hoel

Styremedlem: Lars Neset

Styremedlem: Einar Blikra

Varamedlemer: Liv Espe og Harald Haugen

Valnemnd: Kristen Ormberg og Åne Elgersma

Revisor: Gunnar Ruud

Tilsyn med Berget: Liv Espe, Lars Neset og Harald Haugen

Tilsyn med Kvernhuset: Alfred Tuften

Tilsyn med Skulehuset: Åne Elgersma

Boknemnd: Sigbjørg Sperlø og Peder Kjervik.

Om kvern, kvernrenne og bygningar.

Me brukte mykje tid og krefter på å bygge kraftige luker i kvernveiti. Desse vart ferdige i juni, og me var godt fornøgde. Men alt i juli, med flaum i elvi, rauk hovudluka att. Ei ekstra luke ved inntaket må derfor byggast i 2012.

Utover tilsyn og opprydding har det ikkje vore mykje arbeid på **Husi i Berget og Skulehuset**. Det gikk bra under stormen 1. juledag i fjor, og som det ser ut til nå, så vart det bare moderat skade på glas og kledning på stova i Berget.



Alfred, Lars og Sverre i hardt arbeid

Markeriga av Nansen – Amundsen Året.

Tilskipinga på Samfunnshuset den 25. september samla mykje folk. Sigrid Henjum, nyss heimatt komen frå tur over Grønland, hadde eit flott foredrag. Ho samanlikna utstyr, proviant og klede med Nansen sin ekspedisjon i 1888. Både mat, kulturelle og faglege innslag elles var vellukka, og Ditlef Fossberg, sjøkaptein, navigerte, mellom anna, med sekstant og fekk oss godt til «Polen» og heimatt!



Sekstanten er ikkje så enkel å handtere!

Noko skade på utstyret vart det, serleg på tog/liner, og Marit og hjelparar måtte gripe inn og spinne nytt!





Elevar ved Jostedal Skule hadde gjort eit stort arbeid med å illustrere polferdi.



Sergei Shein, med Viola da Gamba.

Stadnamnprosjektet. Arbeidet har gått greitt og registrering av stadnamn under 800 meter er nesten ferdig og avlevert til Fylkesarkivet. Me er også så smått komme i gang med fjellkarti – stadnamn, over 800 meter.

Arkeologiprosjektet. Arkeologane har gått gjennom resten av jordprøvene som vart tekne. 12 av desse er i ein slik stand at dei kan verte analysert – 10 frå Espe og 2 frå Åsen. Dette er kolprøver som vil kunne gje datering av det eldste dyrkingslaget. Det står att noko papirarbeid før prøvene kan sendast til laboratoriet for datering, og det vil skje i mars. Resultata frå prøvene vil gje eit breiare grunnlag for å datere den eldste faste busetnaden i bygdi.

Stønad. Laget har fått stønad frå Luster Sparebank (12.000,- Kr.) og frå Luster Kommune (6.800,- Kr.)

Medlemmer. Det er god oppslutning til laget, 41 medlemmer. Kontingenten vart også, i 2011, halden på 100,-kr.

Bunadskatten. Utstillinga av bunadskatten gjekk diverre tapt i brannen på Breheimsenteret den 28. juli. Kleda er heldigvis fotograferte og registrerte av Norsk institutt for bunad og folkedrakt ved Valdresmusea. Kvinnedrakter og barnetøy frå 1920-åra, eigar Vidar Tuften, gjekk også med i brannen.

Andre saker.

Forsikringar. Laget har vurdert om det skulle ha forsikring på alle hus då det er ei stor utgift for eit lite lag. Men for å få offentleg støtte til vedlikehald av bygningar er det krav om forsikring. Derfor er det til alle bygningar og kvernrenne teikna forsikring i IF.

Vegsoge. Per Birger Lomheim og leiar har arbeidd på saga, og brukte m. a. ein heil dag på synfaring / fotografering av vegmurar, bruer og brukar opp over dalen.

Lokalhistorisk Årbok for Luster. Bok nr. 6 kom i 2011. JH. har støtta arbeidet og var med på lanseringa på Vallakar Hotel i Solvorn den 6. november.

Kulturhistorisk registrering i Berget. Den 9. juni hadde me vitjing frå Riksantikvaren, Landbruksdepartementet o.a. Dei tykte svært godt om Berget.

Møter i Styret. Utover årsmøtet har me halde 5. styremøte.

Årsmøtet, 3. mars 2011 vart avslutta med at Steinar Bruheim tok oss med på tur, ved hjelp av flotte lysbilleter, til høge toppar i framande land.

Eigen nettstad. Jostedal Historielag har eiga heimeside. Oddmund L. Hoel er redaktør og adressa er: <http://www.historielaget.jostedal.no>

Jostedal Historielag / Olav Stølen 27. februar 2012.